

# Sakspapir

|                      |                    |                   |
|----------------------|--------------------|-------------------|
| <b>Saksbehandlar</b> | <b>Arkiv</b>       | <b>ArkivsakID</b> |
| Kristin Nåmdal       | FE - 141, TI - &13 | 15/962            |

|               |               |             |             |
|---------------|---------------|-------------|-------------|
| <b>Saksnr</b> | <b>Utvalg</b> | <b>Type</b> | <b>Dato</b> |
| 57/2015       | Formannskapet | PS          | 20.05.2015  |

## Høyring av kommuneplanen sin samfunnsdel 2015- 2030 for Askøy kommune

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn

Askøy kommune sin kommuneplan, samfunnsdel er til høyring. Kommuneplanen viser retningsval og mål for kommunen si utvikling.

#### Vurdering

Samfunnsdelen har følgjande satsingsområder:

- Den helsefremmende øyen
- Den levende øyen
- Den unge øyen
- Den skapende øyen

Samfunnsdelen inneheld og arealstrategiar som skal visa samanheng mellom samfunnsutvikling og arealbruk.

Askøy er som Meland ein kommune i sterk vekst, kommunen har 27 346 innbyggjarar.

Det er mange gode mål og strategiar i samfunnsdelen som vil ha tyding også for den regionale utviklinga.

Folkehelseperspektivet er sentralt i dette plandokumentet, der kommunen skal arbeide systematisk for å gje innbyggjarane ei god helse heile livet. Vidare er det mål som rettar seg mot samfunnstryggleik, der kommunen skal jobbe med samfunnstryggleik og beredskap for å skape trygge og robuste lokalsamfunn. Askøy er nabokommune til Meland og ved ei eventuell krise vil ein måtte samhandle, også på tvers av kommunegrenser. Då er gode rutinar og verktøy for kommunikasjon, samhandling og informasjon viktig.

Planen har og eit klimaperspektiv der målet er ei aktiv og grøn øy, der kommunen, innbyggjarane og næringsliv tek miljø og klimavenlege val. Som nabokommune er gode klimaløysningar og av tyding for Meland. Attraktive tur og friluftsområder har og verdi for våre innbyggjarar.

Næring er eit satsingsområde i planen, der det er eit mål med eit attraktivt næringsliv som skaper varige verdiar. Meland og Askøy er ein del av eit felles bu og arbeidsmarknadsregion. Eit variert og robust næringsliv med gode kommunikasjonar vel vere med å styrke regionen.

Folkehelse  
Miljø  
Økonomi  
**Konklusjon**

**Framlegg til vedtak:**

Meland kommune tek framlegg til kommuneplanen sin samfunnsdel til Askøy kommune til orientering.

**Formannskapet - 57/2015**

**FS - behandling:**

**FS - vedtak:**

Meland kommune tek framlegg til kommuneplanen sin samfunnsdel til Askøy kommune til orientering.